



Svala 4H



Varhaug
Bondekvinnelag

Varhaug Buen

Lokal-lagsavis utgitt av Varhaug BU, Svala 4H, Varhaug
Bondelag og Varhaug Bondekvinnelag



NBU

Varhaug BU



Varhaug
Bondelag

Mars 1996

Nå æ me "herre" i eige hus



1. Januar 1995 overtok desse 4 laga
Meieri-internatet. Ein del av huset er alt
fiksa opp, og noko er og pr. i dag under
arbeid. Alle laga har sine styremøter i
internatet.

s. 2-3

Varhaug BU:


**Varhaug
vant inne-
bandyen**

s. 14

**Varhaug
bondekvinne-
lag er 60 år**

s. 4

Svala 4H:



Plankettvinnarane

s. 11

Internatet

Dei fleste «innfødde» på Varhaug veit kva INTERNATET er, men for andre kan det kanskje vera godt med litt informasjon.

Mellom jernbanelinja og tidlegare Varhaug Meieri ligg det to store hus som òg høyrde til meieriet. Det eine var styrar-bustaden og det andre Internatet, eller arbeidarbustad, som det står på teikningane til bygget. I Internatet var det husvære i 1. og 2. høgda. Det var òg hyblar både i 2. og 3. høgda. I tillegg var det kjøkken og matsal i kjellaren. Alt dette vart nytta av arbeidsfolk knytta til meieriet.

I dei seinare åra har dyrlegane på Varhaug haldet til her i tillegg til husdyrkontrollen til meieriet.

lag, Varhaug bondekvinnelag, Varhaug bygdeungdomslag og Svala 4H overta Internatet vederlagsfritt frå Rogalandsmeieriet.

Det eina-

husdyrkontrollen - eller produsenttenesta flytta til Nærbø, men dyrlegane og ein leigebuar i 2. høgda var framleis i huset.

Det vart laga til vedtekter for INTERNATET, som dei 4 laga vart enige om at bygningen framleis skulle heita.

Det var det namnet dei fleste på Varhaug ville kjenna igjen, og dei 4 laga tykte òg det var eit godt namn.

I § 2 i vedtektene står det slik: «INTERNATET vert drive som eit andelslag med felles ansvar, som skal ta vare på medlemmane sine interesser. INTERNATET skal fortrinnsvis brukast til møte- og kontorlokale for laga, men det er òg høve til å leiga ut ein del av huset».



Nye eigarar

1. januar 1995 fekk Varhaug bonde-

ste laget

betala var tinglysingsgebyret. Då hadde

m å t t e

ODLAND & S

4360 Varhaug
Tlf. 51 43 09 59

**Forskaling og støyping - Betong- og trearbeid
Salg og montering av element - Armering -
Tegning**

Bohus

STUELAND

tlf. 51 43 00 77

Takk til bankene!

Som alle veit, er det ikkje heilt gratis å ha eit hus. Me er difor glade for at me har leigebuarar, slik at me får inn noko husleige. Men me hadde planar om å fiksa huset noko, og søkte difor om tilskot både sjå SR Bank, Time Sparebank og kommunen. Alle var positive til søknaden. Alle tilskota var like velkomne, men me vil likevel gje ein ekstra takk her til Time Sparebank for deire tilskot.

Dugnad

I løpet av våren og sommaren ifjor vart det gjort mykje med huset, og alt arbeidet vart gjort på dugnad av medlemmane. I andre høgda vart 2 hyblar og ein gang slått saman til eit godt møterom. Dette brukar bondelag og bondekvinnelag til vanleg, men dei 2 andre laga nyttar òg dette romet som eit



Internatet

«representasjonsrom». Her er det òg laga til eit lite te-kjøkken. I tillegg vart det skifta nokre vindskeier og underkledning, før huset vart vaska og malt. Malinga vart sponsa av Jotun.

Inndeling av roma

Roma i INTERNATET vert nytta slik: I kjellaren har 4H sine møterom. I 1. høgda har bondekvinnelaget rom for vevkurs, og i tillegg har dyrlegane sine kontor her. I 2. høgda er det nemnde møteromet + husvære som ein leigar ut. I 3. høgda er møteroma til BU.

Akkurat nå held BU på med isolering av tak og vegger. Det er eit kaldt hus, så den isoleringa skal hjelpe godt, og det vil òg verta billigare å varma opp. I tillegg står gangen mellom møteromet og husværet i 2. høgda

for tur til å verta fiksa.

Styret

INTERNATET har eit styresom kjem frå dei 4 eigarlaga. Leiar her er Olav Husveg frå bondelaget, nestleiar Magnar Bjelland frå 4H, sekretær Liv

Hobberstad frå bondekvinnelaget, kassarar Jon Lea frå bygdeungdomslaget og materialforvaltar Arne Odland frå bondelaget. I tillegg er det ein dugnadskomite der dei 4 laga og har sine representantar.

I § 5 i vedtektene for INTERNATET står det m.a. slik: «Styret står for andelslaget si daglege leiging. Dei tek seg òg av eventuell utleige».


Navn og logo

I vinter har og INTERNATET fått skilt på utsida, med namn og logo til dei 4 eigarlaga. Vidare har ein saga ned ein del av dei store trea mot jernbanen, og der skal det til våren plantast i noko nytt. Alt arbeid som kan gjerast på dugnad skal verta gjort slik, og ein prøvar å fordela arbeidet best mogeleg mellom laga.

Liv



Internatet blir flittig brukt av alle laga



SR-BANK

Best når det gjelder!



Varhaug Bondekvinnelag



60 års festen

Fredag 8. desember 95 hadde Varhaug bondekvinnelag 60 års jubileum. Festen ble holdt på Varhaug Misjonshus, og ca 100 stk møtte, tross været som ikke var så godt.

Leder Jenny Hadland åpnet festen og ønsket alle velkommen, og spesielt de som var innbydt. Vi startet med julesang, og Solfrid Skretting spilte piano. Etterpå hadde hun en flott prolog.

Øyvind Bergøy var med oss og hadde kåseri, og det var både morsomt og alvorlig. Tanker om Norge utenfor EU og den norske bondens framtid.

Så var det Hå Dur og Moll sin tur til og underholde. De sang flere julesanger, og vi kom i god julestemning. Etter dette var det matpause. Det ble servert varme



karbonader m/tilbehør, og Varhaug BU hjalp til med serveringen.

Etter maten ble det underholdning av Undheim revyen, med sketsj og vitser. Det var noen lette, livlige historier og hele salen lo godt.

Slike kvelder går tiden fort, og det

nærmet seg tid for avslutning, men først skulle vi dele ut blomster og hustavle. Alle æresmedlemmer fikk hustavle m/nål, og tidligere formenn fikk blomster. Ordet ble så fritt, og Varhaug bondekvinnelag fikk gaver fra Hå kommune, Rogaland Bondekvinnelag. Svala 4H, Varhaug BU. Varhaug bondekvinnelag i sonen - Klepp. Time, Bore, Orre, Nærbø og Vigrestad/Ogna.

Til å avslutte kvelden hadde vi med oss presten Gaute Rasmussen. Lederen Jenny Hadland takket til sist alle for en gild kveld, og ønsket alle vel hjem!

Sekr. J.S.

8. Desember 1995

Til VBK's 60 års fest

Når 60 årtilbake me går - me midt i dei harde trettiåra står. Bondekone korleis var det då?

Med dult i nakken og med skautet på, svarte sokker og stakken grå, forklede på magen og med golfjakke på.

Tidleg i otta med byttå på fang, mjølka du ku så i bytta det sang. Så var det inn å få ungane opp, rotla i ogen og få glørne på topp.

Kaffi skulle kokast til kårfolk og mann, liggja på morgonen, nei det gjekk ikkje ann.

Så var det klesvask med såpe og vatn, så skrubba du golvene kvite med sand. Så var det ulla du skulle kara og spinna, så bar det på lemnen for å vevstolen finna. Ty måtte du ha, og symaskinen den måtte du både sveiva og dra. Klede det vart til både mann og ungar, og flatbrød du baka i store dungar.

Så kom krigen - du skrekk og gru, korleis skulle dei klara seg nå mon tru? Så sydde de omatt, ja lapp på lapp, lure ting kom de på om kapp. Endå byfolk frå gardane for, med bylt på nakken og taska stor. Kjøtt og smør, og litt fisk og egg - det var av tinga som byfolka fekk.

Freden kom, og på ny dei song: Gud signe vårt fedreland, endå ein gong.

Flagga gjekk til topps. De var glade og yre - landet var fritt, nå skulle de sjølv få styre.

Åra dei gjekk, og de stod på for livet. Frihet ga arbeidslyst så det suste i sivet. De dyrka og bygde og henta på stein. Sette poteter til dagen vart sein.

Kvelden den kom, og de fiffa dykk litt. På forening de skulle om det var aldri så stritt.

Kor godt det var i seine sumarnatt, etter at de nok ein lange arbeidsdag hadde hatt. Å krypa under dynå og ta mannen godt i armen. Kjenna på freden og kjenna på varmen, og veta det er

noko som heiter Bonderomantikk.

Så kom tida då alt skiftet om, knappa og brytarar kor ein kom. Det dura i bronnhuset og ute på kjelva, kalde mjølk i kjøleskåpet og fjernsyn i ståvå. Bestemor i kårståvå sette seg ende ned, med uro i sinnet og slett ikkje fred. Og lurde på om «vårå» stod til påske.

Kven er så jubilanten i denne stund, med forklede og kjevle og gard og grund. Med sylja på brystet og fanå til topps, og som ikkje alltid tek alt for gode drops.

fortsettelse side 7

Varhaug Damefrisør

Einervegen 3

Varhaug


Tlf. 51 43 07 57

Bondekvinnelaget sine kurs

Akkurat nå har bondekvinnelaget i gang vevkurs nr. 3 etter at laga fekk overta INTERNATET. Nettopp vevkurs var det som sette i gang «prosessen» med Internatet. Bondekvinnelaget spurde først om å få leiga dei roma der produsentenesta hadde vore, Så vart me tipsa om at me måtte prøva å få det, og så var karusellen i gang. Alle dei 4 laga var interessert, og sjølv om dei var klar over at det ville kosta ein del å verta huseigar, så var alle samde om at denne sjangsen måtte ein ikkje sleppa frå seg.

På det første vevkurset, der Johanna Aanestad og Torill Hafver var lærarar gjekk det 8 stk. på kurs nr. 2 der Torill var lærar, gjekk det 7 og på dette som er i gang nå med Torill som lærar, går det 5. Bondekvinnelaget hadde helst sett at kurset hadde hatt fleire elevar, slik at nettoen hadde vorte større. Men det viktigaste var nå at kurset kom i gang. Dersom Torill vil vera lærar igjen til hausten, vert det nytt kurs. Så følg med i kurskatalogen då, og meld dykk på! Det er utruleg kor mykje fint det går an å veva på eit slikt kurs.

Vidare går det og mot slutten på



Her står vevstolane på rekke og rad

bunadkurset som starta i haust. Her er det heller ikkje meir enn 5 elevar, som er minimumskravet for å få tilskot til kurs. Me hadde og planar om eit lefsekurs, men dette var det visst ingen som hadde interesse av.

Skulle det vera kurs som de har interesse av, så ta kontakt med bondekvinnelaget. Me vil så prøva å få i gang slike kurs. Alle kursa til bondekvinnelaget er åpne for alle, så ein treng ikkje vera medlem i laget for å gå på desse.

L.H.



Styret i Varhaug Bondekvinnelag

Leiar: Jenny Hadland
Nestleiar: Brit Irene Kvia
Sekretær: Judith Skretting
Kasserer: Åslaug Helland
Aanestad
Skuleringsleiar:
Liv Hoberstad
Styremedl.: Chonstance Håland
Varamedl.: Signe Lode Skretting,
Anne Berit Undheim,
Brynhild Aanestad

Betre
å eiga
enn å leiga



Husbankfinansiert, med livsløpstandard.

Kontakt:

BYGGMESTER
**Jon Harald
Håland**

Kydlandsv. 6, 4360 Varhaug, mob.tlf. 94 67 66 48
Tlf. 51 43 07 70 – (priv.) 51 43 05 03.



- fagkunnskap gir trygghet.



Varhaug Bondekvinnelag

Matpakketiltaket



6. februar i år var Norges Bonde-
delag 100 år. Det er vanleg at dei
som fyller år får gåver, men bonde-
delaget valde i staden å gje gåver.
Alle 6. klassane i landet fekk
tilbod om matpakke, og det var
rekna med at ca 50.000 skulle
delast ut av bondelag og
bondekvinnelag denne dagen.

Det er store avstandar i lan-
det vårt. Eg såg i Bondebladet at
i Finmark hadde fylkesleiaran og
kona hans køyrt over 500 km
med matpakkane.

*Her på Varhaug vart det og
litt køyring, men ikkje så langt.
I tillegg til dei frå bonde- og
bondekvinnelag som var på
skulen her og smurde og delte ut
matpakkar, reiste fleire til Stavanger
for å hjelpe til der. Bondelaget i Sta-
vanger har ikkje så mange medlemar at
dei rakk over alle skulane, så medlemar
i laga utover Jæren kom dei til hjelp.*

Underteikna kom inn som ein re-



*Her har vi heile 6. klassen på Godeset
skule samlet*



*Her er matpakken utdelt til 6. klassen ved Godeset
skule. Det ser ut til at det smaker godt*

serve, og fekk vera med på aksjonen.
Saman med Egil Jårvik - bonde på Ul-
landhaug - var me på Godeset skule og
delt ut matpakkar. Me kom i ein liten 6.
klasse med berre 16 elevvar.
Både elevane og læraren var
veldig positive til opplegget.
Elevane var interesserte og
kom med mange spørsmål, og
eg trur både Egil og eg klarte
å koma med tilfredsstillande
svar. Det såg i alle fall slik ut
på elevane.

*Me snakka litt om bonde-
og bondekvinnelaget, og
fortalde om oss sjølv og gard-
ane våre. Me snakka og om
kor viktig det var med ein
skikkeleg matpakke og det å
drikke melk til maten.*

Så var det tid for matpakkane,
og dette såg ut til å smaka godt for
skivene gjekk ned på høykant.
Godeset hadde og «skolemelk».
Vel var det lettmelk, men det er
nå betre enn ingenting. Men alle
i veksealdaren burde drukke heil-
melk!

Det var ein veldig gild og roleg
6. klasse, og eg tykte me fekk god
kontakt med elevane. Eg tok og
nokre bilete i klassen, og lova at
dersom dei vart brukande til
Varhaugbuene, skulle klassen få
tilsendt eit eksemplar.

Takk for at eg fekk vera med
på matpakkeaksjonen. Det er
«miste føre» å vera med noko som

er så gildt.

Liv Hobberstad.



*Dette bildet er hentet fra smøregjengen i Varhaug
Bondelag F.v. Astrid Ånestad, Leif-Arne Skretting,
Grete Skretting, Else Ueland og Gudny Ueland*

Arsmøte i Rogaland bondekvinnelag

I år skal årsmøtet til R.B.K. vera i Hå,
og det er Nærbo, Varhaug og Vigrestad/
Ogna bondekvinnelag som er vertskap.

Sjølve møtet skal vera på Ognatun,
der og utsendingane skal bu. Møtet star-
ter fredag 22. mars og fortset på lør-
dagen.

Fredag kveld skal det vera fest på
samfunnshuset på Nærbo for medlem-
ane m/ektefelle.

SIDE 6



Varhaug Servicenter A/S

Tlf. 51 43 02 33 - 4360 VARHAUG



Bondekvinnelaget sine møter

Når dette nummer av VARHAUG-BUEN kjem ut er både januar og februar-møta over. Til vanleg har bondekvinnelaget møte den siste torsdagen i månaden på Eldresenteret. Der prøvar me å ta opp aktuelle emne, slik som i januar med beinskjørhet og i februar med Sorggruppa i Hå. Elles tek ein opp lagssaker og prøvar å ha litt lett underhaldning. Me er helst ein fast gjeng på dei fleste møta, men det er plass til mange fleire. Nå som det ikkje er husmorlag eller sanitetsforening på Varhaug kunne kanskje bondekvinnelaget vera eit alternativ? Ein treng ikkje plent vera bondekone for å finna seg til rette i eit bondekvinnelag. Det er mange stader ein har endra namnet til bygdekvinnelag, nettopp for at kvinner som ikkje er på gard betre skal kjenna seg «heime». Så berre møt opp og sjå korleis me her det i laget, kanskje var dette noko for deg?

I mars vert det ikkje «vanleg» medlemsmøte, for då har bondekvinnelaga i Orre, Bore, Klepp, Time, Nærbø, Ognå/Vigrestad og Varhaug felles møte-sone-

møte - og dette skal vera på Folkehjelpshuset på Klepp den 12.

I april har det vorte tradisjon i å invitera Klockkargarden til medlemsmøtet, så den 25. vert det eit litt festleg møte med bingo, og der Frelsesarmeen på Bryne skal vera med.

I mai skal me ha staudebyting, men der er ikkje dagen bestemt, så sjå etter i Jærbladet.

I juni vert det ikkje vanleg møte, men då er bondekvinnelaget med på både Varhaugmarken og grillkveld samen med bondelaget.

I juli her me ferie, og i august vert det medlemsmøte og ev. tur.

I september kjem først den årlege basaren den 14. og årsmøtet den 26. Så vert det vanlege møte i oktober og november - den siste torsdagen, mens desembermøtet - som er julemøte - er ikkje datofesta endå.

Så skulle det vera noko som kunne interessera nettopp DEG, så kom og vær med oss. Me har det ganske gildt i lag. Liv.

Liljekonvallen

Blomstrende gaver til alle anledninger finner du i

Stasjonsveien 14. på Varhaug

Tlf. 51 43 12 72

Fortsettelse fra side 5

Som gjer beskjed og syng det ut, at du kan ikkje berre komme her og komme her. Dei vernar om tradisjonar og tradisjonsrike kler.

I kveld er tida for ettertanke. Vi gode minner vil saman sanke. I minneboka finn vi fine ord om at lukka gror i ditt plogjernspor. I kveld er tida for framtidsdraumar, om fred og trygghet i store straumar.

Snart er det høgtid og julefest, med nissar og englar og kyrkje og prest. Til sist ei helsing frå ein julesang: Å kunne jeg bare bli barn igjen når juleklokken ringer, Å kunne jeg salig i ånden se de skinnende englevinger, de skinnende englevinger.

Å, den som blott kunne med barnets sinn, få hilse sin frelser kjære. Og syngde med barnets røst så klar "Den Herre Kristus til ære"

Jeg bringer ei myrra, jeg har ei gull. Jeg er ingen konge fra østen. Mitt fattige hjerte er alt jeg har "Så såre det trenger

trøsten"

La gråne vårt hår og bøyes vårt mot. Og dagene fort henrinne.

**Ved barnehånden fra Bethlehem
"Vi Paradiset skal vinne"**

Guds signing over jubileet og framtida, og ei skikkeleg god jul.

Solfrid

Støtt våre

annonsører

Dei støtter oss

LIV KARIN HÅRDESIGN

RÅDHUSGATA 3

Tlf. 51 43 10 18



Klauvboksen



Leif Arne Skretting viser fram klauvboksen

Bondelagets medlemmer har fått informasjon tidligere om klauvboksen, men ein god ting kan jo ikkje gjentas for ofte. Klauvboksen står lett tilgjengelig i løa hjå Leif Arne Skretting. Det er kjøpt inn ny vinkelsliper med utstyr samt ein solid kasse til å oppbevare verktøyet i. Det er sjølvsagt klubbe og diverse kniver med i kassen for dei som vil hogga på gamlemåten. Klauvboksen er tung å handtera, men Leif Arne seier at ved å bruka brei steinsvans eller snøskuffe så går det utan bry. Klauvboksen er til gratis disposisjon for alle medlemmer i Bondelaget.

Skjerpa krav til spreieareal?

I avisene for nyttår var det ein del skrivelier om skjerpa krav til spreieareal. Samstyret for bondelaget i Hå, der Varhaug BL har formann og sekretær, har reagert og engasjert seg i denne saka og sendt brev til Rogaland Bondelag med spørsmål om kva som vert gjort. I svaret frå Rogaland Bondelag vert me gjort kjende med at det vert arbeida aktivt mot dette på fleire måter, me kan kort nevna her;

- Konsekvens utgreiing for jordbruket og tilsluttande næringer
- Rogaland Bondelag gjennomførte i aug. -95 ein miljøtur for alle dei som er sentrale i denne prosessen og viste dei kva som var gjort for å betra miljøet
- Rogaland Bondelag arbeider aktivt gjennom Aksjon Jærvassdrag for å bidra til eit betre miljø, utan å gå vegen om dramatiske tiltak.
- Det har og vore møte med Rogalandsbenken på Stortinget om saka.

Bondelaga i Hå har og tatt initiativ til eit møte med Hå kommune der ein diskuterer ein del aktuelle lokale problemstillingar.

Vårmøtet



Styret i Bondelaget var på kurs i leiartrening på Karmøy 19 og 20 Januar. Biletet syner ein forblåst og kald gjeng som speider etter båten

Det tradisjonelle Vårmøtet vert i år på dagtid, nærare bestemt Torsdag 21/3/96 kl. 10 på Varhaug Misjonshus. Dette møtet vert i samarbeid med Eik Landbrukssenter Varhaug. Tor Hetland frå Atec vert med og skal demonstrera rett bruk av el.gjerder og demonstrera forskjellig utstyr frå sitt sortiment. Rangvald Gramstad frå forsøksringen vert sjølvsagt og med for å snakka om aktuelle ting før vårvinna. Ellers kjem Rasmus Nordbø frå Fiskå Mølle til å delta på møtet. Det vert servert middag kl. 1130. Eit flunkande nytt gjerdeapparat vert lodda ut, så her gjeld det å møta opp.

SIDE 8

Trenger du elektriker?



- o Husinstallasjoner
- o Varmekabelanlegg
- o Alt i industri/automatikk
- o Svakstrømsanlegg
- o Brannalarm
- o Tyverialarm
- o Data anlegg
- o Vedlikehold
- o Planlegging
- o Landbruksinstallasjoner

INSTALLASJONS- AVD.

Nærbo Handelslag, 4350 Nærbo
Kvalitet til riktig pris og hurtig service

Telefon 51 43 33 61 - 51 43 30 11
Vakttelefon 94 67 46 76





Varhaug Bondelag


Studiearbeidet



Studiearbeidet er nå i full gang. Det er 3 ringer med 17 personer som skal studera seg fram til sprøytesertifikatet. Biletet er frå ein av desse ringane i full konsentrasjon rundt kaffibordet hjå Kjell Tjemsland.

Det er 1 ring som tar til med uttale til Jordbruksforhandlingane den 15 Februar. Vi hadde og tenkt å få til eit datakurs for nybegynnarar, men det lot seg diverre ikkje gjera dette året.

F.v: Jan Håland, Holger Kjølvik, Terje Aarrestad og Kjell Tjemsland. Sjur Håland og Jonas S Haaland var ikkje med då biletet vart teke.



Styret i Varhaug Bondelag

Leiar: Arne Odland
Nestleiar: Sigmund Rangen
Skulekontakt: Solveig Årdal
Studieleiar: Torgny Ånestad
Kasserer: Leif Arne Skretting
Sekretær: Sjur Håland
1. Varamann: Tone Skeie



Postboks 53, 4360 Varhaug. Tlf. 51 43 08 23



AH Bygg Ånestad & Håland AS

Telefon 51 43 11 08
Mob.tlf. 94 60 16 37
" 94 60 16 24

Damebyen 27, 4360 Varhaug





Det nya styret 1996

Solveig Flåten



Eg heiter Solveig Flåten, er 16 år og har vore med i 4H sidan eg var 9 år. Tidligare har eg hatt m.a. 4H-kokken, aktør i rampelyset og friluftsliv i oppgave. Dette året har eg valgt grønnsaker som oppgave. Dette er det 3. året mitt i styret, første året var eg sekretær, i fjor var eg leiar og eg er vald til leiar i år også. Ellers driv eg med litt trening og går på helse og sosialfag på Time vidaregåande skule.

Asgeir Aasland



Hallo, æg hette Asgeir Aasland æ æg æ mæ i styre te SVALA 4H der og æ nest leier. Dette æ dæ 3. ære mitt i styre, og 9 år totalt. I år he æg sau som 4H oppgave. Æg går 2. ære på Jordbrukskolen på Øksnavad. I fritid æg litt volleyball og fotball utanom æ gå på 4H. Annan kvar helg er eg også avløyser.


Siv Follerås



Eg heter Siv Follerås, er 17 år. Eg er innvalgt som kasserer i Svala 4H og dette er mitt åttende år i 4H. Eg har juniormøtene sammen med Solveig. I år har jeg avløyser jobb. Eg går på Øksnavad vidaregåande skole og i fritida mi steller jeg og er med venner.

Leier:	Solveig Flåten	Måkev. 1	tlf. 51 43 08 38
Nestleier:	Asgeir Aasland	Nordsletten	tlf. 51 43 09 21
Kasserer:	Siv Iren Follerås	Kråkev. 6	tlf. 51 43 09 52
Sekretær:	Steinar B. Kartevold	Rangen	tlf. 51 43 05 18
Styremedlem:	Elisabeth Åmot	Engv. 4	tlf. 51 43 07 44
Klubbrådgiver A:	Magnar Bjelland	Meisev. 28	tlf. 51 43 08 04
Klubbrådgiver B:	Astrid Skretting	Skretting	tlf. 51 43 10 81
Klubbrådgiver B:	Tone Elin Berge	Bueveien 15	tlf. 51 43 54 26
Klubbrådgiver B:	Kristin Nord-Varhaug	Ånestad	tlf. 51 43 03 37

Steinar Kartevold



Eg heiter Steinar Kartevold og er sekretær i Svala 4H. I fritida driv eg med handball og 4H.

Elisabeth Åmodt



Æg hette Elisabeth Åmodt æ æg æ mæ i styre i Svala 4H, der æg æ styremedlem. Dette æ 6. året æg æ mæ i 4H og 2. året æg æ mæ i styre. I 4H oppgave i år he æg velt "Livet i sjøen". I fritid æg spille æg handball, stedle hesta og så he Anita og æg ansvaret for aspirantane i klubben.



HÅBYGG a.s

Dublandsveien 37, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 11 55 * Telefax 51 43 10 87



Plankettvinnarar

Her har vi et knippe bilder fra plankettvinnarane og noen utstillinger på haustfesten i fjor



Plankett-vinnarane f.v. Torunn M. Follerås, Kamilla Anestad, Lennart Tjensvoll, Andreas Torland, Einar Johan Hadland, Lise Hobberstad, Rolf Husveg, Hege Kvía, Liv Skrettingland og Silje Skretting



Her har vi Lise Hobberstad sin utstilling: Avløysar



Her ser vi Einar-Johan Hadland sin utstilling. Oppgava hans har vert mat fra havet.




Andreas Torland har hatt friluftsliv som oppgave i fjor



Her ser vi Åsgeir Aarsland sin fjørfe-utstilling

**HOS OSS KAN DU BETALE REGNINGENE
DINE PR. TELEFON.
INGEN GEBYR!**



TIME SPAREBANK



Annlaug Aarsland og Sverre Kartavoll med vurderingskorta dei fekk då dei slutta som klubbråd-givarar.



Varhaug best på fylkesplan

Ja akkurat slik stod det skrevet i Jærbladet den 7. februar. Me knuste altså dei andre lokallaga på tevlinga den 27. januar.

Det vart halt fylkesmesterskap i ku, gris og sau, samt sau lag.

Til dette gilde var der møtt opp ca. 50 ivrige tevlara frå heila fylket; både junior og senior. Frå Varhaug var me 11 tevlara totalt så møte opp. Dette er kjempe respons.

Me hadde felles avreis fra felles-

kjøpet og oppmøtet-plassen var Bore samfunnshus. Her får me oss en kaffikopp, fekk utdelt skjema til å tevla på og et par plastfötter til å bruke i grishuset.

Så bar det bort til en kar eit lite stykke der i fra. Her gjekk me "berserk" på dyra, jagte dei litt rundt i garden, telte på spennar og sleit av dei litt ull for å finna kvaliteten. Dette viste seg at me på Varhaug va flinke til. Så dei kan sjå ut fra resultatet.

Og med disse strålende plasseringane vil eg bare nytta sjansen til å takke dei som har gjort dette mulig å gjennomføre. Tevlarane som ofra tid på dette dei trufaste dommarane, bønnene på Varhaug så låne ut dyra og gardene sine til okke. Fellekskjøpet med plass til å vera etter tevlingane og ikkje minst tevlingsnemda som gjer en kjempe jobb

Sveinung Skretting
utetevlingsleder

Resultata:

FM i ku

Junior:

- | | |
|----------------------------------|-------|
| 1. Per Erik Skretting, Varhaug | 92,50 |
| 2. Egil Magnus Aanestad, Varhaug | 90,75 |
| 3. Svein Tore Hauge, Klepp | 90,50 |

- | | |
|---------------------------|-------|
| 10. Frode Varhaug | 88,75 |
| 10. Rune Varhaug | 88,75 |
| 23. Siri Kvia | 84,50 |
| 23. Ingrid Helen Aanestad | 84,50 |

Senior:

- | | |
|--------------------------------|-------|
| 1. Sveinung Skretting, Varhaug | 95,75 |
| 2. Sven Hauge, Klepp | 95,00 |
| 3. Livar Nedrebo, Time | 94,75 |

- | | |
|---------------------------|-------|
| 7. Svein S. Varhaug | 92,75 |
| 11. Stein Arve Bore | 91,00 |
| 17. Sverre Varhaug | 89,25 |
| 17. Ole Johannes Aanestad | 89,25 |

RBUM i sau-lag

Junior:

- | | |
|--|-------|
| 1. Gjesdal (Lene Høyland, Thore Håland, Asgaut Søyland) | 92,25 |
| 2. Varhaug (Egil Magnus Aanestad, Ingrid Helen Aanestad, Per Erik Skretting) | 91,25 |
| 3. Gjesdal (Roar Lima, Tore Høyland, Elin Ravndal) | 90,00 |

Senior:

- | | |
|---|-------|
| 1. Varhaug (Ole Hohannes Aanestad, Siri Kvia, Sverre Varhaug) | 95,25 |
| 2. Gjesdal (Gautc Bue, Adne Ravndal, Kirsten Marie Bue) | 95,00 |
| 3. Klepp (Georg Hegre, Anders Bore, Kristin Aanestad) | 92,75 |

FM i gris

Junior:

- | | |
|-------------------------|-------|
| 1. Jone Serigstad, Time | 96,00 |
| 2. Kristin Aanestad | 94,75 |
| 2. Odd Harald Hauge | 94,75 |

- | | |
|---------------------------|-------|
| 7. Per Erik Skretting | 93,50 |
| 9. Egil Magnus Aanestad | 93,25 |
| 17. Frode Varhaug | 91,75 |
| 19. Rune Varhaug | 91,00 |
| 23. Ingrid Helen Aanestad | 87,75 |

Senior:

- | | |
|-----------------------|-------|
| 1. Svein S. Varhaug | 96,25 |
| 2. Sven Hauge, Time | 95,25 |
| 2. Gautc Bue, Gjesdal | 95,25 |

- | | |
|--------------------------|-------|
| 4. Ole Johannes Aanestad | 94,75 |
| 13. Sverre Varhaug | 93,25 |
| 17. Sveinung Skretting | 92,75 |
| 22. Stein Arve Bore | 91,25 |

FM i sau

Junior:

- | | |
|----------------------------|-------|
| 1. Henning Topnesvåg, Time | 93,75 |
| 2. Åsta Marie Bue, Gjesdal | 93,50 |
| 3. Adne Søyland jr., Time | 93,25 |

- | | |
|---------------------------|-------|
| 7. Frode Varhaug | 92,50 |
| 11. Per Erik Skretting | 91,25 |
| 14. Ingrid Helen Aanestad | 89,75 |
| 18. Egil Magnus Aanestad | 88,25 |
| 20. Siri Kvia | 86,00 |
| 21. Rune Varhaug | 85,75 |

Senior:

- | | |
|-----------------------------------|-------|
| 1. Sverre Varhaug, Varhaug | 94,25 |
| 1. Ole Johannes Aanestad, Varhaug | 94,25 |
| 1. Sven Hauge, Klepp | 94,25 |

- | | |
|------------------------|-------|
| 7. Stein Arve Bore | 92,50 |
| 14. Svein S. Varhaug | 91,75 |
| 20. Sveinung Skretting | 90,00 |



Varhaug Handelslag



Lokallagskurs på Orrebu

Javel, då var turen kommet til ei sosiale helg med det nye styret i Varhaug BU. Og dette året skulle vi til Orrebu på Gilja for å leggja opp slagplanen for arbeidsåret. Meg og Liv reiste oppeit par timar tidligare for å rigga til i hytta med mat, og for å fyra opp i peisen, så det skulle vera varmt til dei andre skulle komme opp. Då alle var kommet hadde me et kort styremøte, får me inntog litt mat i skrottane.

På lørdagsmorgenen var alle opplagde til oppgavene som nå stod foran oss. Først fekk me i oss litt frokost og så fekk me besøk frå LU, Asbjørn Killingland, der han la fram styret sine verv og styret sine oppgaver.

Etter at han var ferdig og hadde reist, sette me opp arbeidsplanen for 95/96, med mange varierte aktivitetar.

Utpå kvelden fant me fram kortstokken og gitaren, og koste oss til seint på natt. Kjetil fekk vist seg fram som en habil gitarist.



Her er gjengen samlet til frokost. "Uten mat og drikke,"

Søndagen gjekk mest med til vasking og rydding etter ei kjempekoselig helg på Orrebu.

Roy A. Haaland

Gratulera Åslaug

Varhaug BU vil gratulera Åslaug Årlandså mye med vervet som bygdepolitisk leder i Rogaland Bygdeungdomslag. Åslaug er vald inn for 2 år.

Lykke til!

Varhaug Bygdeungdomslag



Styret i Varhaug BU

Leiar: Roy Arnfinn Haaland
Nestleiar: Andreas Torland
Sekretør: Hege Kvía
Kasserer: Lennart Tjensvoll
Innetev.leiar: Åslaug Årland
Utetevl.leiar: Sveinung Skretting
Leik/Amatør: Inger Marie Lea
Styremedl: Liv Skrettingland
Kjetil Efestad
Internatet: Jon Lea

Midtsommersprell!

Halloen! Med kjærlyghet i luften og lim på pinnen skak nå Varhaug BU arrangere midtsommersprell (fylkesleir) 22-23 juni 1996, på garden til Alfild og Jonas.

Det vil altså si at alle som ikkje har vore på Skrettinglang blir oppfordret til å gripe sjansen. Finnes her alt en kan ønske seg?

Vi starter gildet lørdag kl. 14.00 meg mange ulike aktiviteter.

Swingkonkurranse

Som tradisjonen er vil det også i år bli avholdt swingkonkurranse med uttak til Norges-mesterskapet på Landsstemnet i Oppland.

Tommy og Tiger'n kommer!

På midtsommersprellen blir det óg dans på låven med Tommy og Tiger'n. Utpå natten tar vi med musikken og rusler ned på "røyså" hvor vi tennar bål, og fortsetter festen "unplugged".

Overnatting?

Selvfølgelig vil det bli anledning for å slå opp telt o.l. Transport vil bli organisert av oss. Mer informasjon senere.



HÅ REGNSKAP OG DATA AS

Rådhusgt. 2, Boks 104, 4360 VARHAUG
Tlf. 51 43 04 77 - Fax 51 43 02 28
Mobil 94 67 27 76

Regnskap - Lønn - Årsoppgjør
Firmaregistreringer - Budsjett m.m



N • A • R • F
NORGES AUTORISERTE REGNSKAPSFØRERS
FORENING - MEDLEM



Vandrepokal til odel og eie

Jentene i Varhaug BU viste styrke og vant i år som i fjor innebandyturneringen i sin klasse. Dette var det tredje nappet i vandrepokalen og får da pokalen til odel og eie.

Fjerde år på rad

Varhaug Bu arrangerte for fjerde år på rad sin innebandyturnering. Turneringen gikk av stabelen 9. Mars og heile 20 lag var påmeldte (dessverre møtte 2 lag ikke opp), 4 puljer i herre klassen og 2 puljer i dame klassen.

Bjerkreim mot Varhaug

Etter harde innledende kamper gikk Bjerkreim videre med 3 lag til sluttspillet i herre klassen. Varhaug



Varhaug-jentene vant i år som i fjor, men ikke uten kamp. B.f.v. Siri Kvía, Hege Varhaug og Siv Varhaug. F.f.v. Liv Skrettingland og Anne Mette Bjelland.

Nytt napp i pokalen for Bjerkreim

Finalen ble mellom Bjerkreim I og II, et nytt intern oppgjør. Enerlaget til Bjerkreim viste seg å være det beste laget og vant 7 - 2. Dette vart det andre nappet i pokalen og har dermed muligheter til å kapre pokalen til odel og eie neste år. Tidligere har Varhaug 2 napp i pokalen, men var sjanseløse i år. Varhaug må legge seg i hardtrening til neste år skal de ha muligheter til å vinne pokalen til odel og eie.

Dameklassen

I dameklassen var det flere lag som hadde muligheter til å vinne pokalen. Etter innledende runder stod Nærbø igjen med 2 lag



Her ser vi damene i aksjon

klarte å få med seg et av sine 3 lag til sluttspillet. Motstanden ble for hard for Varhaug i semifinalen og tapte 13 - 7 mot Bjerkreim I. Den andre semifinalen ble et internt oppgjør mellom Bjerkreim II og Bjerkreim III. Begge lagene fulgte hverandre i første omgang, men i andre stakk Bjerkreim II i fra og vant 8 - 3. De ble dermed klar for finale-spill.

Tredjeplass

Varhaug I og Bjerkreim III spilte bronse-finalen. Denne kampen var ikke avgjort før slutten av andre omgang. Da drog Varhaug ifra og vant 10 - 7. Fin tredjeplass.



Kjøkken-damene passet på at alle deltakarane fekk i seg nok mat

Resultatene

Herrer

Pulje 1:

Bjerkreim I	3 3 0	70 - 12
Varhaug I	3 2 1	47 - 21
Klepp	3 1 2	16 - 42
Nærbø	3 0 3	9 - 67

Pulje 2:

Varhaug II	2 2 0	34 - 8
Gjesdal II	2 1 1	13 - 21
Orre	2 0 2	6 - 24

Pulje 3:

Bjerkreim II	2 2 0	31 - 4
Varhaug III	2 1 1	7 - 14
Time I	2 0 0	1 - 21

Pulje 4:

Bjerkreim III	2 2 0	22 - 9
Time II	2 1 1	14 - 13
Gjesdal I	2 0 2	7 - 21

Semifilane:

Bjerkreim I - Varhaug II	13 - 7
Bjerkreim II - Bjerkreim III	8 - 3

Bronsefinale:

Varhaug II - Bjerkreim III	10 - 7
----------------------------	--------

Finale:

Bjerkreim I - Bjerkreim II 7 - 2

Damer

Pulje 1:

Nærbø I	3 2 1	7 - 6
Varhaug	3 2 1	6 - 6
Gjesdal	3 2 1	5 - 6
Time	3 0 3	0 - 0

Pulje 2:

Bjerkreim	2 2 0	17 - 3
-----------	-------	--------

Nærbø II	2 1 1	7 - 13
Klepp	2 0 2	0 - 8

Semifilane:

Nærbø I - Nærbø II	14 - 1
Bjerkreim - Varhaug	1 - 3

Bronsefinale:

Nærbø I - Bjerkreim	0 - 8
---------------------	-------

Finale:

Nærbø I - Varhaug	0 - 7
-------------------	-------




Varhaug Bygdeungdomslag



Topplaget til Varhaug. Nådde ikke helt fram til toppen, men fikk en fin tredje-plass. F.v. Morten Lerbrekk, Jo Aanestad og Sølve Bratland. Foran: Martin Dyngeland

i semifinalen, samt Varhaug og Bjerkreim.

Første semifinale ble mellom Nærbø I og Nærbø II. Ener-laget vant en knusende 14 - 1 seier og klar for finalen. Den andre semifinalen ble atskillig mer spennende. Etter første omgang var stillingen 0 - 0 og kampen var helt åpen.



Publikum sviktet oss ikke i år heller

Varhaug-jentene vant tilslutt 3 - 1 og klar til å møte Nærbø I i finalen.

Bronse-finalen ble mellom Nærbø II og Bjerkreim. En kamp som endte 8 - 0 til Bjerkreim.

Finalen

Selve finalen mellom Nærbø I og Varhaug ble en kamp hvor Varhaug-jentene hadde heile kontrollen. Med null mål inn-slepte og 7 mål skåret kan jentene med stolthelt kalle seg "Kølle mestere av 1996". Siden dette var tredje gang Varhaug vant finalen i dameklassen blir den oppsatte vandrepokalen værende i Varhaug BU til odel og eie.

Varhaug sine lag:

Varhaug I - Herrer

Johan Omland
Jonny Møland
Norolf Husvegg
Anbjørn Ueland

Varhaug III - Herrer

Jo Bratland
Andre Ueland
Sverre Varhaug
Halvor Berge

Varhaug II - Herre

Martin Dyngeland
Jo Aanestad
Morten Lerbrekk
Sølve Bratland

Varhaug I - Damer

Hege Varhaug
Liv Skrettingland
Siri Kvía
Siv Varhaug
Anne Mette Bjelland



Coach Jo Aanestad følger med i kampen

Dommerne

Dommerene i år har vært: Einar Refsnes, Eivind Galtvik, Kurt Egil Berge, Johan Omland og Anbjørn Ueland

AU

Uttakning til FM Hest

Dato: Fredag 10. Mai
Tid: kl. 18:30
Sted: Hans Åsbjørn Skretting

Salg av grill-mat

Utdeling av premier til deltakere + samanlagte pokaler

Spørsmål: Ring Sveinung Skretting

Kølle mestere i 1996:

Herrer: Bjerkreim
Damer: Varhaug

Vi gratulere begge med mesterskapet.



Her har vi vinnarlaget til Bjerkreim

Adresse:

Blad

Returadresse:

Varhaug Buen
v/ Anbjørn Ueland
Lensmanskjæret 26
4360 Varhaug

Varhaug Buen

Medlemsblad utgitt av Varhaug
Bygdeungdomslag, Svala 4H,
Varhaug Bondelag og Varhaug
Bondekvinneklag

Opplag: 1300

Redaktør:

Anbjørn Ueland
Tlf: 51 43 13 01

Varhaug BU:

Roy Arnfinn Håland
Tlf: 51 42 46 34

Hege Kvia

Tlf: 51 43 07 00

Svala 4H

Astrid Skretting
Tlf: 51 43 10 81

Varhaug Bondelag

Sjur Håland
Tlf: 51 42 00 73

Torgny Anestad
Tlf: 51 43 01 15

Varhaug Bondekvinneklag

Liv Hobberstad
51 43 03 93

Chonstance Håland
Tlf: 51 43 02 68

Stofffrist:

27. April 1996

Til nr. 2
Bladet kjem ut uke 20

Kva skjer?

Varhaug BU:

Mars

- 1 Smådisko, Elgane
- 5 Bridgekurs
- 9 Innebandyturnering
- 9 Køllefest
- 12 Bridekurs
- 16 Blomster/Borddekking telving
- 19 Bridgekurs
- 23 Bilrebus
- 23 Amatørmønstring RBU,
Sokndal

April

- 12 Gamaldanskurs
- 14 Gamaldanskurs
- 17 Gamaldanskurs

Mai

- 3 Smådisko, Elgane
- 5 Natursti, Sveineskogen
- 9 Telling Blomster, Uttak FM
- 25 FM Blomster på Jærdagen
- 26 Leirdueskyting, VBU

Juni

- 2 Fotballturnering Løkkå
- 7 Smådisko, Elgane
- 8 FM Fløtekakepynting, Varhaug
Marken
- 9 Friluftsdag VBU, Fisking/
grilling
- 22 Fylkesleir m/løedans
Skrettinglang, Varhaug BU

Juli

- 23-28 Landsleir Oppdal, Sør-
Trøndelag

August

- 29 Årsmøte Varhaug BU

*Vi tar forbehold på visse endringer i
datoene, da dette er første utkast.*

Varhaug Bondekvinneklag:

Mars

- 12 Sonemøte
- Folkeshjelpshuset, Klepp
- 16 Blomster/Borddekking telving
- 19 Bridgekurs
- 23 Bilrebus
- 23 Amatørmønstring RBU,
Sokndal

April

- 12 Gamaldanskurs
- 14 Gamaldanskurs
- 17 Gamaldanskurs

Mai

- 3 Smådisko, Elgane
- 5 Natursti, Sveineskogen



Jæren

NATURTERAPI

Gjertrud Hobberstad

Naturterapeut medl. NNH

Aromaterapi
Zoneterapi
Kinesiologi
Øreakupunktur



Dysjalandv. 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 00 36